

Nyttige telefonnummer

Apotek 1, Vinje 35 06 30 10

Opningstid: Mand - fred.: kl 1000 - 1700
Lørd,: kl 1000 - 1500

Kviteseid Apotek 35 06 88 80

Opningstid : Mand -fred.: kl 0900 -1600
Lørd: kl. 0900 -1300

Seljord Apotek 35 05 80 90

Opningstid: Mand -fred.: kl. 0900 -1600
Lørd: stengt

Rjukan Apotek 35 09 06 34

Opningstid : Mand- fred.: kl. 0830 -1700
Lørd: kl 1000 -1400

Tannlege, ring legevakt

Giftinformasjon 22 59 13 00

heile døgnet

Malen for brosjyren er utarbeidd av Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap (KoKom) i samarbeid med Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin. Finansiering: Sosial- og helsedirektoratet.



In case of emergency remain calm – call 113

If you are in need of medical help/advice call the local emergency service:



Dersom du er turist, eller oppheld deg mellombels i kommunen, og treng øyeblikkeleg hjelp frå lege på dagtid på kvardagar, skal du òg ringe legevaktstelefonen.

Tokke – Vinje legevakt

Interkommunal legevakt for kommunane Tokke og Vinje

Adr.: Tokke- Vinje Legevakt,
Vinje legekantor
Vinjevegen 212
3890 Vinje


e-post: Legevakt.vinje@vinje.kommune.no

Nasjonalt døgnope legevaktsnummer: 116 117

Av og til treng du å kome i kontakt med legevakta ein annan stad i landet enn der du sjølv oppheld deg, til dømes dersom du ringer for eit familiemedlem. Alle legevaktene i landet har difor eit eige nummer dei kan kontaktast på: for Tokke – Vinje legevakt er dette nummeret framleis tlf 35 06 25 55

Slik nyttar du legevakta best

- Når du bør kontakte legevakta
- Råd og hjelp på telefon
- Ventetid på legevakta
- Betaling og refusjon



Tokke – Vinje legevakt

Nasjonalt legevaktsnummer:



Når liv og helse står på spel, ring medisinsk nødnummer


113

Vi hjelper deg når det hastar

Legevakta si oppgåve er å gje deg hjelp med helseproblem som ikkje kan vente til vanleg kontortid. Her er nokre døme:

- smerter i brystet eller magen
- pustevanskar
- akutt sjukdom eller alvorleg forverring
- nedsett allmenntilstand hjå born
- alvorleg psykisk sjukdom
- mistanke om komplikasjonar i svangerskap
- kuttskadar som må syast

Legevakta er ikkje meint for deg som har ei vanleg forkjøling eller sjukdom over fleire dagar utan akutt forverring.



Fastlegen kan også gje hjelp raskt

Viss du treng hjelp på dagtid, skal du ringe fastlegen din og spørje om du kan få ein time. Fastlegen vurderer kor mykje det hastar, og kan vanlegvis gje deg ein time på dagen viss situasjonen krev det. Du skal alltid vende deg til fastlegen din når det gjeld:

- sjukemelding
- fornying av resept
- varige plager utan akutt forverring



Ring oss og spør!

Ring og spør dersom du er usikker. Vi er her for å hjelpe deg! Saman kan vi finne ut kva hjelp du treng. I mange tilfelle vil vi kunne hjelpe deg på telefon, så slepp du å reise til legevakta. For å kunne hjelpe deg på best mogleg måte, treng vi ofte informasjon om tilstanden din, eventuell feber, om tidlegare sjukdomar og faste medisinar.

Dette kan vere lurt å ha i huset:

- termometer
- febernedsettjande stikkpiller/tablettar til born
- smertestillande tablettar
- nasespray
- plaster/bandasje



Viss du må vente, er det fordi andre treng hjelpa raskare

På legevakta hjelper vi alltid dei sjukaste først. Pågangen varierer, og legen kan også bli kalla ut til akutte hendingar. Difor kan vi ikkje gje deg ein fast time. Viss du må vente, er det fordi vi prioriterer andre som kanskje er i livsfare.



Betaling på legevakta

- Legevakta krev betaling etter faste takstar. Viss du betalar kontant eller med kort, unngår du faktureringsgebyr.
- Ta med eventuelt frikort.
- I nokre tilfelle kan du få refundert transportutgifter. Det kjem an på kor alvorleg tilstanden din er.
- Telefonrådgjeving er gratis.